



No er tida inne for saueklyppinga og ei storhending ligg forut i Uskedalen: Fleire gongar verdsmeister i saueklypping Rodney Sutton frå New Zealand kjem hit fredag 11. oktober for å halda klyppekurs. Det opplysar leiar i bondelaget Olav Hjetland Bringedal, Meistaren klypper ein sau på 22 sekund!

Med seg har han Rick Wainright frå Storbritannia og folk som skal sortera og vurdera ulla.

Alle jobbar på Flatland Ølen, som naturleg nok er ein sentral plass i landet når det gjeld kompetanse og aktivitet i saueklypping. Kurset her i dalen vert arrangert av Kvinnherad Sau og Geitalslag og er ein del av prosjektet Ny Giv for sauehaldet i Hordaland.

Det nærmar seg forresten også NM i saueklypping som har vorte halde kvart å heilt sidan 1988 og 3 gongar i Ølen. Då meisterskapet gjekk der sist, i 2009, vart biletet over teke av Kenneth Eide frå Vikedal som var best av juniorane. Men hvis du vil se meistaren frå New Zealand i aksjon klikkar du på lenka under. Berre ein kommentar er aktuell: UTRULEG!

Av Ola Matti Mathisen

Foto: Grannar

<http://www.youtube.com/watch?v=-fS6dl2o6LQ>